

# Kommuneplan for Nord-Fron 2011 – 2022

## Føresegner til arealplanen

**Utkast av 28.10.2010**

*(Vedteke av Nord-Fron kommunestyre xx.xx.2010, sak xx/10)*

### Allment

#### Arealdelen av kommuneplanen har følgjande dokument:

- Oversiktskart over heile kommune (1 : 70.000)
- Delplanar for områda Vinstra, Kvam og Skåbu (1 : 20.000)
- Delplanar for områda Nerseterlia, Åsen og Skjedalen (1 : 10.000)
- Desse planføresegnene.

#### Bakgrunnsmateriale finst i

- Samandrag og vurdering av merknader ved offentleg ettersyn. **Notat av xx.xx.2010. (Blir utarbeidd etter at 1. og 2. ettersyn er gjennomført.)**
- Planforklaring. Notat av 28.10.2010.
- Konsekvensutgreiing med ROS-analyse. Notat av 11.11.2010.
- **K-sak xx/2011: Endeleg behandling av kommuneplanen 2011 - 2022. (Blir utarbeidd etter at 2. ettersyn av planforslaget.)**
- Planprogram vedteke 27.10.2009, k-sak 50/09

Kommuneplanens arealdel skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, saman med reglane i plan- og bygningslova og statleg regelverk som er heimla i denne lova. Teksta i desse føresegnene skal tene som opplysning og forklaring, eller som retningsline for behandling av arealbrukssaker. Rettsleg bindande føresegner knytt til planen med heimel i plan- og bygningslova § 11-6, er skrivne med ramme rundt.

#### Desse dokumenta er også lagt til grunn for planarbeidet:

- Diverse lover og statlege retningsliner.
- Rammeplan for avkjørsler av april 1983. (Skal nå reviderast.)
- Registrering av automatisk freda kulturminne. (Er kopla opp mot økonomisk kartverk.)
- Beitebruksplan for Nord-Fron av desember 2005.
- Sand og grus i Nord-Fron. NGU-rapport 2001.025.
- Kulturlandskap i Nord-Fron. Prosjektrapport av mai 2000.
- Skiløypeplan for Nord-Fron av 2002.
- Bruk av aktivitetsmønster i nærmiljøet Vinstra, Kvam, Skåbu. Rapport august 2004.
- Biologisk mangfald i Nord-Fron. Rapport med kartvedlegg av april 2005.
- Forurensningsbelastning frå hyttefelt og recipientvurdering av Furusjøen i Nord-Fron og Sel kommuner. Rapport nr. 31/2002 frå Jordforsk.

- Fylkesdelplan for Rondane av 2000.
- Registrering av villreinen sin områdebruk i Tjønnseterfjellet – Gråhø 2007-2009. NINA-rapport 558. Trondheim 03.03.2010.

Saman med kommuneplanen skal desse dokumenta nyttast som grunnlag ved vidare vurdering av arealbruken i kommunen.

Denne planen skal reviderast innan desember 2014.

I planen er det vist slike arealføremål, med fleire underføremål:

- 1. Område for bygg og anlegg**
- 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**
- 3. Grønstruktur**
- 4. Landbruks-, natur- og friluftsføremål**
- 5. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone**

## **1. Område for bygg og anlegg**

I område for bygg og anlegg inngår desse føremåla (jf. plan- og bygningslova § 11-7 nr. 1):

### **1.1 Bustadbygging (B)**

#### **Reglar for utbygging i regulerte bustadområde.**

Det er sett av areal til bustadbygging i tettstadene Vinstra, Kvam og Skåbu. Område som er nye eller som ennå ikkje er regulerte, er i plankartet merka med B1 – B13. Kommunen vil stimulere til fortetting i eksisterande og sentrumsnære bustadområde på Vinstra og Kvam.

Som rettleiing bør rekkjefølgja for regulering/utbygging av nye bustadområde på Vinstra vera slik:

1. Sentrumsnære tomter i Nedregata
2. B12 Vestre Toksegrenda
3. Kakubakken (Reguleringsplan av 27.09.2007)
4. B7 Brakjebakken
5. Sorperoa/Knutsmorka (Reguleringsplan av 25.03.1982 og 25.03.2004)
6. B8 Midtmoen
7. B6 Bøygen
8. B11 Søre Huskero

Som rettleiing bør rekkjefølgja for regulering/utbygging av nye bustadområde i Kvam vera slik:

1. Sentrumsnære tomter
2. B3 Nordre Røssummoen
3. B1 Bergum
4. B5 Forbrigd/Frostad
5. B2 Gunnersvingen
6. B4 Kjæstad/Lunde
7. B13 Brenna

Andre område er B9 ved Ruste skule og B10 ved Austli i Skåbu. Ved regulering av området B9 ved Ruste skule til bustadføremål, skal eigedommen Furumo – gnr. 255 bnr. 9 og gnr. 265 bnr. 10 haldast utanfor planen.

I samband med regulering av B5 Forbrigd/Frostad og B4 Kjæstad/Lunde skal det gjerast ei nøye vurdering av faren for steinsprang og ras. I samband med utbygging av desse områda skal det samtidig byggjast gangveg mellom Gardvegen og E6. Nøyaktig trase for denne skal avklarast i reguleringsplanen for område B4.

I samband med regulering av B11 Søre Huskero skal avgrensing av området avklarast nærare slik at det blir teke omsyn til registrerte miljøkvalitetar.

Før utbygging startar i områda B1 – 5 og B11 skal det utarbeidast reguleringsplan for området, jf. §§ 11-7 nr 1 og 12.

I bustadområda skal det regulerast slik at vegutbygging, tomteplassing og bygg på tomtene blir godt plasserte og tilpassa terrenget. Ein skal ta spesielt stilling til storleiken på tomtene, bl.a. i forhold til moglegheita for å byggje tomannsbustad. Det skal leggjast stor vekt på at trafikkforholda blir gode og at det er sikre gang- og sykkelareal som innbyr til stor bruk. Utbyggingsområdet skal tilpassast med tilstrekkeleg grønt- og leikeareal. Turvegsystemet skal henge saman med område utanfor utbyggingsområdet. Det skal også leggjast til rette for lågt energiforbruk og alternative energikjelder. Byggjeskikken skal tilpassast med eit heilskapleg preg pr tomt. Regelverket skal likevel ikkje vera så detaljert og rigid at det stengjer for ein meir moderne byggjestil. Når reguleringsplanen blir utarbeidd bør også forholdet til beitebruk i området avklarast.

I all planlegging og utbygging i bustadområda skal omsynet til universell utforming leggjast til grunn. Det same gjeld omsynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivingane, § 1-1, 5. ledd.

Ved regulering av området skal radon i grunnen kartleggjast. Krav til evt. tiltak mot radonstråling skal innarbeidast i reguleringsføresegnene, jf. Byggteknisk forskrift av 09.04.2010, § 13-5.

## **1.2 Sentrumsføremål, forretningar, kjøpesenter (SF)**

Særleg på Vinstra, men også i Kvam er det avsett område til sentrumsføremål og forretning. På Vinstra er det også avsett område for kjøpesenter. Alle desse områda er regulerte. I tillegg er det i Skåbu sett av mindre areal for sentrumsføremål og forretning som er uregulerte og vist i kartet med SF.

## **1.3 Utbygging for offentleg eller privat tenesteyting (OPT)**

Det er avsett område for offentleg og privat tenesteyting som t.d. skular, helseinstitusjonar, miljøstasjonar, kommunaltekniske anlegg, kulturhus mm. Uregulerte areal er i kartet merka med OPT.

## **1.4 Gravlundar (G)**

Det er avsett areal som kyrkjegard, gravlund ved Skåbu kyrkje, Kvikne kyrkje, Sødorp kyrkje, Sødorp kapell og Kvam kyrkje. Desse areala er heilt eller delvis uregulerte og er i kartet merka med G.

## 1.5 Næringsverksemd (N)

Det er avsett område for industri, lager, transport og anna næringsverksemd (N). Nye og/eller uregulerte område er merka med N1 Øya, N2 Brynsmoen.

Før utbygging startar i områda N1 og N2 skal det utarbeidast reguleringsplan for området, jf. §§ 11-7 nr 1 og 12.

På Vinstra skal næringsareala byggjast ut i slik prioritert rekkjefølgje:

1. Lomoen (jf. Reguleringsplan av 20.04.2006)
2. N2 Brynsmoen (ikkje regulert)
3. Rustmoen (jf. Reguleringsplan av 23.11.2000)
4. N1 Øya (ikkje regulert)

I næringsområda skal det regulerast slik at vegar og bygg blir godt plasserte og tilpassa terrenget. Det skal leggjast stor vekt på at trafikkforholda blir gode og at det er sikre gang- og sykkelareal som innbyr til stor bruk. Utbyggingsområdet skal planleggjast med tilstrekkeleg grøntareal. Det skal leggjast vekt på universell utforming i heile planområdet. Byggjeskikken skal tilpassast med eit heilskapleg preg pr tomt. Regelverket skal likevel ikkje vera så detaljert og rigid at det stengjer for ein meir moderne byggjastil. I reguleringsplanen skal det setjast strenge og klare krav til at næringsstomtene blir haldne ryddige og innbydande. Når reguleringsplanen blir utarbeidd bør også forholdet til beitebruk i området avklarast.

Næringsområde N1 Øya bør reserverast for næringsverksemd som vil vera avhengig av togtransport. Kommunen skal også elles vera særleg kritisk til kva type verksemd som får etablere seg i N1 Øya. Det skal her leggjast særleg vekt på tilpassing til kulturlandskapet i nærleiken. Området skal skjermast mot innsyn. Desse forholda skal nøye følgjast opp i *komande reguleringsplan for området*.

I all planlegging og utbygging i næringsområda skal omsynet til universell utforming leggjast til grunn. Det same gjeld omsynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivnadene.

Ved regulering av området skal radon i grunnen kartleggjast. Krav til evt. tiltak mot radonstråling skal innarbeidast i reguleringsføresegnene, jf. Byggteknisk forskrift av 09.04.2010, § 13-5.

## 1.6 Område for råstoffutvinning (R)

### 1.6.1 Massetak

Nord-Fron kommune har gjennom ei systematisk kartlegging god oversikt over førekomstar av sand- og grusressursar, jf. NGU-rapport 2001.025. Eksisterande og planlagt utviding av dei viktigaste sand- og grustaka er teikna inn på plankartet (R). Utvinning av desse ressursane og uttak av pukk skal styrast gjennom eigne reguleringsplanar, som også skal vise korleis området skal setjast i stand til annan bruk. I *Reguleringsplan for masseuttak i Vinstraområdet av 20.04.2006* er det vedteke at masseuttak i Vinstraområdet skal skje i denne rekkjefølgja:

1. Rustmoen (område med avtale pr. 20.04.2006, jf. også reguleringsplan av 23.11.2000)
2. Lomoen (jf. reguleringsplan av 20.04.2006)
3. Rustmoen (resten av området, jf. også reguleringsplan av 23.11.2000)
4. FT2 Jota (ikkje regulering).

Før det blir opna nytt massetak eller eksisterande blir vesentleg utvida, skal det vedtakast reguleringsplan for området, jf. §§ 11-7 nr 1, 11-9 nr. 1 og 12.

### **1.6.2 Mineralske ressursar (M)**

I løpet av planperioden 2011 – 2014 vil Nord-Fron kommune arbeide for at det blir gjennomført ei kartlegging av alle andre mineralske ressursar, så som malmførekomstar, industrimineralar, naturstein, bergartar for knusing mm. Desse ressursane skal innarbeidast i komande arealdel til kommuneplanen.

Før det blir opna for uttak av mineralske ressursar ut over grus/sand, skal ressursane kartleggjast og det skal vedtakast reguleringsplan for det aktuelle uttaksområdet, jf. §§ 11-7 nr 1, 11-9 nr. 1 og 12.

### **1.7 Fritids- og turistføremål (FT)**

Det er avsett fleire område for fritids- og turistføremål (FT). Uregulerte område er merka med FT1 Bøygen, FT2 Jota, FT3 Feforåsen, FT4 Hysjulien, FT5 Søreng, FT6 Heimstulen A, FT7 Heimstilen B og FT8 Dalen. I desse områda kan det drivast næringsverksemd i form av hotell, motell, utleige av hytter, caravan, leilegheiter eller liknande.

Utbygging i områda FT1 – FT8 kan ikkje skje før det er vedteke reguleringsplan, jf. §§ 11-7 nr. 1, 11-9 nr. 1 og 12.

For fritidsbustader/-leilegheiter i område som er regulert til fritids- og turistføremål (reiseliv), skal det setjast krav om at bustaden/leilegheita er tilgjengeleg for utleige minst 39 veker per år (9 mnd). Eigaren kan disponere eininga privat inntil 6,5 veker per første halvår og inntil 6,5 veker per andre halvår. Det skal liggje føre avtale om utleige i tilknytning til fellesdrift, der dette er mogleg.

Ved detaljregulering skal det leggjast fram prosjektframstilling som viser korleis utleigeverksemda skal organiserast.

I all planlegging og utbygging i næringsområda skal omsynet til universell utforming leggjast til grunn. Det same gjeld omsynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivnadene.

Ved regulering av området skal radon i grunnen kartleggjast. Krav til evt. tiltak mot radonstråling skal innarbeidast i reguleringsføresegnene, jf. Byggteknisk forskrift av 09.04.2010, § 13-5.

### **1.8 Fritidsbustader**

#### **1.8.1 Generelt**

Det er i plankartet vist areal som er regulert eller kan regulerast til føremålet fritidsbustader, hytter. Uregulerte område eller utviding av eksisterande utbyggingsområde er merka med H1 – H7.

Utbygging i områda H1 – H8 kan ikkje skje før det er vedteke reguleringsplan, jf. §§ 11-7 nr 1, 11-9 nr. 1 og 12.

I arbeidet med reguleringsplanen skal konsekvensane av utbygging i området utgreiast når det gjeld biologisk mangfald, kulturminne, risiko- og sårbarheit, mm. Radon i grunnen skal

kartleggjast. Krav til evt. tiltak mot radonstråling skal innarbeidast i reguleringsføresegnene, jf. Byggt teknisk forskrift av 09.04.2010, § 13-5.

Det kan ikkje planleggjast for fleire nye hytter enn det som går fram nedanfor, jf. § 11-9 nr. 5 i pbl:

H1	Holslåa A	2	Skal planleggjast som utviding av tilgrensande hytteområde.
H2	Holslåa B	1	Skal planleggjast som utviding av tilgrensande hytteområde.
H3	Nersetierlia	10	Skal planleggjast som utviding av tilgrensande hytteområde.
H4	Åsen	12	Skal planleggjast som utviding av tilgrensande hytteområde.
H5	Skjedalen	10	Skal planleggjast saman med eksisterande hytter i området.
H6	Flåbekk lia	56	Skal planleggjast som utviding av tilgrensande hytteområde.
H7	Feforåsen	150	Skal planleggjast saman med eksisterande hytter i området.
H8	Jægersletta	5	Skal planleggjast saman med eksisterande hytte i området.

I reguleringsplanen skal det i nødvendig utstrekning gjerast greie for utbyggingstakt og rekkjefølgje for feltvis utbygging i kvart enkelt område. I planen skal det også visast plassering av hyttetomtene og veg fram til desse, trase for skiløyper, system for vassforsyning og avlaup, ordning for renovasjon, deponi for overskottmasser i samband med utbygginga mm.

Fram til det er utarbeidd reguleringsplan, skal §§ 9 og 12 i jordlova gjelde.

I planperioden kan kommunen vurdere om utnyttingsgraden og tal tomter i eitt eller fleire reguleringsplanområde skal reduserast.

Krav til utforming mm av planområdet, tomtene og hyttene skal gå fram av reguleringsplanen og skal i utgangspunktet følgje reglane i pkt. 1.8.2 nedanfor. Også tillate tomteutnytting og maks storleik på samla byggjeareal skal gå fram av reguleringsplanen.

For nye hytteområde skal det etablerast godkjend ordning for vassforsyning og avlaup.

Reguleringsplanen skal vise korleis vassforsyning og avlaup skal ordnast. I reguleringsplanen skal det også takast stilling til om og i kor stor grad det skal vera straumforsyning til hytteområdet.

For hytter og hytteområde som ligg innafør nedslagsfeltet til Frya/Furusjøen, Avstjønna og Feforvatnet vil kommunen ikkje gje løyve til å leggje inn vatn dersom avlaup ikkje kan knytast til offentleg avlaupsnett, jf. rapport 31/2002 frå Jordforsk.

### **1.8.2 Utforming av tomta, hytta og underordna bygg**

Følgjande reglar gjeld for utforming av hytter i byggjeområda og er også retningsgjevande for komande revisjon av reguleringsføresegner i eldre hytteområde, jf. §§ 11-9 og 11-10:

Alle bygningar skal tilpassast den lokalt tradisjonelle byggjestilen med omsyn til takform, takvinkel, materialbruk og farge. Takvinkelen skal vera mellom 22° og 27°.

Bygningane skal målast/beisast i mørke og matte fargar. Materialar brukt til taktekking skal ikkje reflektere sollyset, men vera av t.d. torv, skifer, tre m.m.

Bygningane skal mest mogleg underordne seg naturpreget i området, og terrenget rundt bygningane skal i størst mogleg grad behalde karakteren av utmark. Hovudmøneretninga skal følgje terrengkotene.

Grunnmuren skal ikkje vera høgare enn 1,0 m over opphavleg terreng.

Av omsyn til beitedyr skal høgda frå bakkenivået og opp på hustaket vera minst 1,2 m.

Opningar under garasjedører, grinder eller liknande skal ikkje vera over 10 cm. Opningar i

grunnmur og opningar under hytter og verandaer som står på pilarar, må sikrast med stengsel. Opningar skal ikkje vera over 10 cm.

Lengda på bygningane skal ikkje vera over tre gonger eller under to gonger breidda.

Maks. mønehøgde skal vera 4,6 m og maks. gesimshøgde 3,3 m rekna frå gjennomsnittsnivået på det planerte terrenget omkring bygningen.

Uthus/anneks eller andre mindre bygg kan ha mønehøgde på maks. 4,3 m og gesimshøgde på maks. 3,3 m rekna frå gjennomsnittsnivået på det planerte terrenget omkring bygningen.

Uthus/anneks eller andre mindre bygg skal innafor ramma av tillate mønehøgde, ikkje ha mønehøgde på meir enn to gonger breidda på gavlveggen.

Bruksarealet pr. tomt skal ikkje vera over **180 m<sup>2</sup>** (T-BRA = 180 m<sup>2</sup>), der **30 m<sup>2</sup>** er reservert til ikkje overbygd parkeringsareal. Bebygd areal pr tomt skal ikkje vera over **10%** (%BYA=10%). Norsk standard skal leggjast til grunn for utrekninga.

Utbygginga kan skje ved at det blir bygd ei hytte eller ei hytte og eitt eller fleire mindre bygg der kvar av dei mindre bygga maksimalt kan vera **40 m<sup>2</sup>** T-BRA og hovudhytta kan vera på inntil **110 m<sup>2</sup>** T-BRA. Bygningane skal i det siste tilfelle plasserast i tunform med maks. 8 m mellom bygningane. Annekset kan fungere som eit utvida opphaldsrom i samband med bruken av hovudhytta, men skal ikkje innreist med kjøkken eller andre rom som kan gjera annekset til ei sjølvstendig hytteining.

Under byggjearbeidet skal det leggjast stor vekt på å ta omsyn til terrenget og vegetasjonen. Framføring av straum og telefon mm til bygningane skal skje i jordkabel. Dersom det er nødvendig å grava ut massar, skal dette gjerast på ein slik måte at det ikkje verkar skjemma. Dei massane som blir tatt ut skal også leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemma. Veggrøfter/-kantar og grøfter for vatn og kloakk skal planerast og tilsåast, eller setjast i stand slik at den opphavlege vegetasjonen i størst mogleg grad kjem attende.

Naturmark og eksisterande skog skal takast vare på og haldast i hevd slik at vegetasjonen i området i størst mogleg grad blir oppretthalde som i dag. I samband med bygging skal det i størst mogleg grad leggjast vekt på å unngå inngrep i naturmarka på tomta. Inngrepsfri sone på tomta skal vera på minst 50 % av tomtearealet og dette skal markerast på situasjonsplanen som skal vise all planlagd utbygging på tomta. Slik plan skal leverast saman med søknad om byggjeløyve.

Nye tomter eller byggverk skal ikkje plasserast slik at ny busetnad kjem nærare eksisterande busetnad enn 25 m, og 20 m frå skiløype, råk/sti eller mindre veg. Det skal vera minst 50 m mellom sentrum i kvar hyttetomt og minst 30 m frå vanleg trafikkerte vegar.

I all planlegging og utbygging i hytteområda skal omsynet til universell utforming leggjast til grunn. Det same gjeld omsynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivnadene.

Kommunen kan vedta meir detaljerte reglar for forming av tomt, bygningar og plassering av desse.

### 1.8.3 Terrassar

For bygging av terrassar gjeld slike reglar, jf. § 11-10 nr. 2:

Som terrasse reknast alle former for innhegning med rekkverk som er naturleg kopla til ein bygning på tomta (veranda, balkong). Alle terrassar skal godkjennast av kommunen i søknad/melding.

Terrassen skal vera vesentleg mindre i areal og volum enn hytta, skal tilpassast hytta sin byggjестil og fargebruk og skal framstå som ein naturleg tilkopla konstruksjon til hytta eller evt. andre, sekundære bygningar på eigedommen.

Terrassen kan maksimalt utgjera halve arealet av hovudhytta, men skal ikkje vera over **30 m<sup>2</sup>**. Han skal ikkje ha meir enn tre meters breidde ut frå langveggen, og kan ikkje gå rundt meir enn halve bygningen sin omkrets.

Fundamenta må ikkje på nokon plass vera høgare enn 1 m. Høgda på rekkverket skal vera mellom 0,5 og 1,1 m målt innvendig, vera solid og utforma i tråd med løysingar i teknisk føresegn. Dersom det på hytteeigedommen er gjerde, skal material- og fargebruk på terrassen harmonerast med dette.

#### **1.8.4 Gjerde på fritidseigedommane**

Når det blir utarbeidd reguleringsplan for nye hytteområde eller reglane i gjeldande reguleringsplanar skal endrast, skal kommunen i utgangspunktet leggje til grunn reglane nedanfor om maks 200 m<sup>2</sup> inngjerda areal pr hyttetomt.

For spesielle område som ligg i snauffjell, der det ikkje er beitedyr eller der det er andre spesielle forhold, kan kommunen i reguleringsplanen fastsetja reglar om at det er forbode å setja opp gjerde.

Dersom det er spesielle forhold i vedkomande hytteområde som tilseier at det bør vedtakast andre reglar, kan kommunen vedta reglar om at berre eit mindre areal enn 200 m<sup>2</sup> eller at eit større areal enn 200 m<sup>2</sup> kan gjerdast inn på kvar tomt.

I område med særleg tett utbygging og liten avstand mellom hyttene/ tomtene, kan kommunen vedta reglar som legg til rett for at fleire hytter eller heile hytteområde kan gjerdast inn med eit felles gjerde.

I arbeidet med slike reglar skal kommunen ta initiativ til og leggje vekt på eit tett og godt samarbeid med representantar for beiterettshavarane i det aktuelle området.

Kommunen vil oppmode hytteeigarar med hytte i LNF-områda til å følgje intensjonane med dei reglane som går fram her, jf. pkt. 4.5 nedanfor.

Når det blir søkt om byggjeløyve for ein fritidseigedom, skal det samtidig leggjast ved ei skisse som viser korleis eit eventuelt gjerde på tomta skal plasserast.

Dersom det seinare er aktuelt å setja opp gjerde på ein fritidseigedom, skal det sendast melding om tiltaket til kommunen. Saman med meldinga skal det leggjast ved målsett teikning av tomta og bygningane på tomta som også viser omfanget av det gjerdet som er aktuelt å setja opp. Det skal også leggjast ved kopi av varsel om tiltaket til beiterettshavarane i området, representert ved det/dei aktuelle beitelaga og grunneigarlaga. Følgjande reglar må følgjast, jf. § 11.10 nr. 2:

1. Gjerdet skal setjast opp slik at det heilt eller delvis omfattar tunet på eigedommen, men der hytta utgjer ein del av gjerdet. Dersom det er to eller fleire bygg på eigedommen, skal dei enkelte bygga utgjer delar av gjerdet. Det kan gjerdast inn eit

tunareal på inntil 200 m<sup>2</sup>, dersom det ikkje er sett anna avgrensing i reguleringsplanen for området.

2. Gjerdet skal ikkje stenge sti eller råk for allmenn bruk.
3. Gjerdet skal byggjast i treverk (stakitt eller skigard) eller naturstein, skal haldast i god stand og skal utformast slik at ikkje beitedyr kjem til skade.
4. Elektrisk gjerde, netting-, flettverks- eller nasjonalgjerde er ikkje tillate.
5. Gjerdet skal ha ei høgde på 1,1 m og skal vera så sterkt og tett at det stenger ute sau, hest og naut.
6. Hytteeigaren er ansvarleg for å setja opp og vedlikehalde gjerdet i samsvar med desse reglane.

Dersom kommunen innan tre veker etter å ha motteke melding om tiltaket ikkje har gitt svar, kan gjerdet setjast opp.

Dersom kommunen seinare finn at gjerdet ikkje er sett opp i samsvar med reglane over, eller at gjerdet ikkje er forsvarleg vedlikehalde, kan kommunen krevja at det blir utbeta eller fjerna.

### **1.8.5 Fast busetting på fritidseigedom.**

Kommunen kan gje dispensasjon for bruk av fritidseigedom som heilårsbustad dersom eigdommen ligg ved veg som er godt framkommeleg heile året og er lett tilgjengeleg i forhold til at kommunen eventuelt må yte ulike typar offentlege tenester.

### **1.8.6 Veg fram til eksisterande hytter**

Dersom det er aktuelt å etablere ny veg fram til hytter i regulerte område eller i LNF-område med fleire hytter, skal det avklarast ved endring av gjeldande reguleringsplan eller ved utarbeiding av ny reguleringsplan for eit utval hytter. Det skal da leggjast stor vekt på at vegen på ein god måte kan tilpassast terrenget, naturen og dei enkelte tomtene.

## **1.9 Idrettsanlegg**

I plankartet er det markert område for idrettsanlegg, motorsportanlegg mm. Enkelte av desse er regulert, mens andre er uregulert. Uregulerte og ikkje opparbeidde anlegg er markert med I. Dei fleste av desse anlegga er omtala og prioriterte i Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron, vedteke av Nord-Fron kommunestyre 14.02.2008.

## **1.10 Andre typar anlegg**

I kvar grend i kommunen er det sett av areal for utbygging av fellesanlegg for pelsdyr.

Utbygging av fellesanlegg for pelsdyr i følgjande område kan skje etter at det er utarbeidd reguleringsplan som bl.a. syner vassforsyning, avlaup mv, jf. §§ 11-7 nr 1, 11-9 nr. 1 og 12:

P1	Nilslia
P2	Låvåsmorka
P3	Støshøa
P4	Sulvollane
P5	Gudbrandslia
P6	Firertippen
P7	Nebblia

Det vil ikkje bli gitt løyve til å starte med pelsdyr utanom desse areala.

### 1.11 Fellesføresegner

Alle byggjeområde er avmerkt på plankartet. Ei meir nøyaktig avmerking med grenser og føremål er gitt i kartutsnitt for enkeltområde.

For byggjeområda kan arbeid og tiltak som nemnt i § 20-1 og frådeling til slike føremål, og andre tiltak som kan vera til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen, ikkje skje før området går inn i ein reguleringsplan. I områda som er avsett til bustadbygging, forretning og næringsverksemd i sentrumsområda Vinstra, Kvam og Skåbu, og hyttebygging i områda H1 – H7, kan utbygging ikkje skje før følgjande forhold etter kommunen sitt skjønn er oppfylt, jf. § 11-9 nr. 3: køyre- og gang/sykkelvegar, vassforsyning, avlaupsforhold og elektrisitetsforsyning.

Før det blir gitt løyve til evt. bygging langs vassdrag, skal det godtgjerast at området ikkje kan bli utsett for flaum eller erosjon. I alle byggjeområde skal det godtgjerast at det ikkje er fare for steinsprang, jord- eller snøras.

I all planlegging og utbygging skal prinsippa for universell utforming leggjast til grunn. Det same gjeld omsynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivnadene.

## 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

I plankartet er det teikna inn følgjande viktige samferdselsårer:

- Jernbane
- Stamveg – E6
- Samleveg/fylkesveg
- Atkomstveg, kommunale vegar og viktige private vegar
- Gang- og sykkelveg
- Kraftliner, viktige overføringsliner

Eksisterande og planlagde anlegg er merka med eigne symbol.

Vurdering av løyve til avkøyrslar frå offentleg veg skal skje ut frå Rammeplan for avkøyrslar av april 1983 med evt. seinare revisjon, som følgjer som utrykt vedlegg til denne planen.

Langs stamvegen E6 er byggjegrensa sett til 50 m, langs ny E6 100 m. Langs fylkesvegane 256 og 255 er byggjegrensa 50 m. Langs andre fylkesveg, kommunale vegar og gang- og sykkelveg er byggjegrensa 15 m, jf. veglova § 29. Alle avstandane er rekna frå midtlina i vegen. Langs jernbanen er byggjegrensa 30 m, rekna frå midtlina i næraste spor, jf. jernbanelova § 10. Andre byggjegrenser kan fastsetjast i reguleringsplan.

Det er vist trase for ny privat veg mellom Nord-Fron og Sel gjennom Murudalen og Flekkmoen. Vegen skal haldast vedlike berre for sommartrafikk.

Det er avsett areal for anlegg som inngår som ein del av elforsyninga, dvs. reguleringsmagasin, damanlegg, kraftstasjonar mm og anleggsområde i tilknytning til slike. Jf. også pkt. 5.4 nedanfor.

## 3. Grønstruktur

Ved og i tettstadene Vinstra, Kvam og Skåbu er det i plankartet markert område for parkanlegg, leik, friområde, og naturoppleving som turdrag og turstiar. Utvalet av område byggjer på kartlegging som er gjort i rapport av august 2004: Bruk og aktivitetsmønster i

nærmiljøet Vinstra, Kvam og Skåbu. Kommunen vil leggje stor vekt på at desse områda blir oppretthalde og vedlikehalde også for framtidig bruk som i dag, jf. § 1-1, 5. ledd.

#### **4. Landbruks-, natur- og friluftsføremål**

Dette er areal som i all hovudsak skal nyttast til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF-område). Innafor desse areala er det også fleire hytter og bustader.

Før det blir gitt løyve til eventuell bygging langs vassdrag i desse områda, skal det godtgjerast at området ikkje kan bli utsett for flaum eller erosjon.

Alle tiltak i planområdet til *Fylkesdelplan for Rondane* (leveområde, influensområde og observasjonsområde for villrein i Rondane) skal behandlast i samsvar med reglane i fylkesdelplanen.

##### **4.1 LNF-område med forbod mot spreidd utbygging, men der kommunen likevel kan gi dispensasjon.**

I LNF-områda vil kommunen i minst mogleg grad godkjenne spreidd busetnad eller næringsverksemd som ikkje er knytt til stadbunden næring. Dette av omsyn til jordbruksmiljøet i området, kulturlandskapet, biologisk mangfald og kulturminne, og av omsyn til nærleik til kommunalt opparbeidde bustad- og næringsområde.

Innafor desse områda er det forbode å føre opp nye bustader eller næringsbygg som ikkje har tilknytning til stadbunden næring i området, jf. § 11-7 nr. 5 a. Kommunen kan likevel gi dispensasjon frå denne regelen dersom det ikkje fører til særlege ulemper for bl.a. jordbruket, kulturlandskapet, biologisk mangfald, kulturminne mm.

Ved godkjenning av dispensasjon for nybygg og eventuell endring av eksisterande bygg på tomter frådelt i LNF-områda, skal følgjande reglar leggjast til grunn:

1. Ein skal ved utgraving og planering av terreng og plassering av hus på tomta vera nøye med at tiltaka ikkje bryt med overordna kulturlandskap og miljø elles. Nye bygg/påbygg skal tilpassast terrenget på ein god måte. Hovudmøneretninga skal følgje høgdekotene.
2. Grad av utnytting skal reknast som prosent bebygd areal (%BYA). Denne kan vera %BYA=25%. Norsk standard NS3940 skal leggjast til grunn ved utrekninga.
3. Møne- og gesimshøgde blir rekna ut frå gjennomsnittleg ferdig planert terrengnivå. Største tillatne mønehøgde er 7,0 m. Største tillatne gesimshøgde er 3,7 m, men maksimal høgde på bygningen kan frå lågaste planerte terrengpunkt til øvste mønehøgde ikkje overstige 8,0 m.
4. Husa skal som hovudregel utformast med saltak, og takvinkelen skal vera mellom 25 og 40 grader. Garasje og uthus skal tilpassast hovudhuset med omsyn til materialval, form og farge.
5. Næringsbygg som blir oppført i LNF-områda skal vera godt plasserte og godt tilpassa terrenget. Langsida av hovudbygget skal følgje terrengkotene. Det skal nyttast ein byggjestil som er tilpassa andre bygg i det same området. Vidare skal det nyttast matte og mørke fargar, og materialar og taktekking som er ikkjereflekterande. Det skal setjast krav til at tomta omkring bygget blir halden ryddig.
6. I all planlegging og utbygging i LNF-områda skal omsynet til universell utforming leggjast til grunn. Det same gjeld omsynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omvignadene.

#### 4.2 LNF-område for spreidd bustadbygging (SB-område)

Kommunen ønskjer å styrke busettinga i utkantane i kommunen og kan derfor på visse vilkår godkjenne spreidd busetnad innafor ein del nærare avgrensa LNF-område, jf. §§ 11-7 nr. 5 b og 11-11 nr 2.

Ut frå dette er det i plankartet markert 16 område for spreidd bustadbygging der kommunen kan godkjenne bygging utan at det er nødvendig å søkje om dispensasjon frå kommuneplanen. Det skal likevel gjerast ei konkret vurdering av kvar sak i samband med frådelling av tomt etter jordlova og plan- og bygningslova. I denne samanheng skal bl.a. omsynet til jordbruksdrift, landbruksmiljø, kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne, vassforsyning, avlaupsordning og avkøyring frå offentleg veg tilleggast vekt.

I LNF-områda kan spreidd utbygging av bustader med inntil så mange tomter som går fram nedanfor og mindre næringsverksemd, vera tillatt i følgjande område, jf. § 11-11 nr 2:

SB 1	Feten/Moagrenda	5 tomter
SB 2	Røssumenget/Mølnarlia	5 tomter
SB 3	Stenseng/Engum	3 tomter
SB 4	Bosåa	3 tomter
SB 5	Tjyruvadet/Ilstadkleiva	2 tomter
SB 6	Haugaberget	5 tomter
SB 7	Bekkestua	3 tomter
SB 8	Tokvam/Granslåa	5 tomter
SB 9	Storodden	4 tomter
SB 10	Stor-Lunde	5 tomter
SB 11	Solberg	4 tomter
SB 12	Åsland/Måsåbakkin	4 tomter
SB 13	Brattliflata	4 tomter
SB 14	Gudbrandslia	8 tomter
SB 15	Brandstad	2 tomter
SB 16	Syverhuset	4 tomter

I desse områda kan utbygging skje etter at det er utarbeidd ein enkel plan som kommunen godkjenner, og som syner atkomst, intern vegføring, tomtedeling, vassforsyning og kloakkløysing. Det er ein føresetnad at utbygginga er akseptabel i forhold til jordbruk, kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne.

Utbygginga skal følgje dei reglane som går fram av pkt. 4.1 ovanfor. Kommunen kan i tillegg utarbeide eigne retningsliner for utbygging og byggeskikk i desse områda.

#### 4.3 LNF-område med forbod mot hyttebygging

I LNF-områda er det til dømes store samanhengande naturareal utan vesentlege inngrep, viktige viltområde og areal med stor verdi for friluftslivet. Ein del LNF-område som kan vera interessante for vidare hyttebygging inneheld også seterområde og setermiljø, der det av omsyn til jordbruksdrifta ikkje er ønskeleg med ny hyttebygging. Kommunen ønskjer derfor å hindre bl.a. hyttebygging i desse områda.

Innafor desse områda er det forbode å føre opp nye hytter, jf. § 11-7 nr 5 a. Utval for plansaker kan likevel gi løyve til oppføring av enkelte buer/hytter til allmenn bruk.

#### **4.4 LNF-område med forbod mot utviding av eksisterande hytter eller høg standard**

På plankartet er det markert ein del område der det finst hytter i dag, men der det ikkje er ønskeleg at desse bygningane blir utvida eller at dei blir tilrettelagt med høg standard. Dette gjeld særleg natur- og friluftsområde med særlege og godt dokumenterte bruks- og verneverdiar, jfr. grunnlagsmateriale i viltområdekart, registrering av biologisk mangfald, kartlegging av verneverdiar inn mot nye verneområde og varig verna vassdrag mv. Likeeins gjeld dette for seterområde som i dag er i aktiv drift, der det allereie er etablert hytter, og der det av omsyn til seterdrifta ikkje er ønskeleg å utvide fritidsbruken av desse areala.

I desse områda er det forbode å byggje på eller utvide eksisterande fritidsbustader eller hytteeigedommar, jf. § 11-7 nr 5 a. Utval for plansaker kan likevel gi løyve til utviding av eksisterande hytter/buer som er opne for allmenn bruk.

Fram til hyttene i desse områda kan det ikkje førast fram elektrisk straum eller byggjast veg for motorisert ferdsel. I desse områda kan det heller ikkje leggjast inn vatn i og leggjast til rette for avlaup frå hyttene.

#### **4.5 LNF-område der utbygging av eksisterande hytteeigedommar kan vera aktuelt**

I LNF-områda er det tidlegare bygd mange hytter der det kan vera aktuelt med påbygg og modernisering. Dispensasjon for slik utbygging kan bli gitt ut frå reglane nedanfor.

Dersom dispensasjon for utbygging av eksisterande hytteeigedommar i LNF-område blir gitt (jf. likevel pkt. 4.3 og 4.4), skal maks bruksareal pr tomt vera på **110 m<sup>2</sup>** (T-BRA = 110 m<sup>2</sup>). Ved Skåbu sentrum (på strekninga Holslåa i sør til Bakkerud/Risdal i nord) skal maks bruksareal vera **150 m<sup>2</sup>** (T-BRA = 150 m<sup>2</sup>) pr tomt. Bebygd areal pr tomt skal ikkje vera over 15% (%BYA = 15%), jf. §§ 11-7 nr 5 b og 11-11 nr. 2.

Berre i tilfelle med svært tungtvegande grunnar kan kommunen i LNF-område godkjenne fritidsbustader som er større enn det som går fram over. I særleg sårbare område kan kommunen stille krav om lågare maks samla areal. Dette gjeld bl.a. for bygg som ligg nær vassdrag, som ligg eksponert til i landskapet eller som har kulturhistorisk verdi.

Utbygginga skal elles skje etter reglane i pkt. 1.8 over.

Kommunen kan gje dispensasjon til frådelling av tilleggsareal til hyttetomt i LNF-område dersom dette fører til at totalarealet på tomta ikkje blir over 2 daa.

Når det gjeld søknader om veg til enkelthytter, vil kommunen vera svært restriktiv med å gi løyve. Det vil her bli lagt særleg vekt på å hindre at vegen fører til store inngrep og sår i naturen. Det er viktig å vurdere tilhøve som behov for terrenginngrep, kurvatur og skjeringar. Veg i ope lende og over tregrensa vil vera meir konfliktskytt enn tilsvarande i skog. Samtidig skal tiltaket vurderast i høve til bl.a. vilt- og friluftsiresser i området. Lengda på vegen skal tilleggast stor vekt. Korte vegar på inntil 200 – 300 m vil lettare kunne akseptast enn lengre strekningar. Kvar søknad skal gjevast ei individuell behandling. Det er ein føresetnad at søkjaren har inngått avtale med grunneigarar og naboar som den nye vegen får verknad for. (Jf. elles pkt. 1.8.6.)

Sjølv om kommunen ikkje har heimel til å regulere gjerding i samband med hytteeigedommar i LNF-område, er det ønskeleg at hytteeigarane her følgjer dei same reglane som gjeld i regulerte hytteområde, jf. pkt. 1.8.4 i desse føresegnene.

#### 4.6 Tal bygningar på setrer

I LNF-områda er det fleire setrer og setergreender. Arealgrensa for bustadhus på setrene (T-BRA) skal vera **110 m<sup>2</sup>**. Dette arealet kan fordelast på inntil **to** bygningar, der ingen av desse kan vera over **90 m<sup>2</sup>**. Ved nybygg og ombygging av bustadeiningar og driftsbygningar på setrer skal det leggjast stor vekt på tilpassing til lokal byggjeskikk og elles takast omsyn kulturverdiar i seterområdet.

På kvar enkelt seter kan det byggjast inntil **to** bygg som bustad, med til saman **110 m<sup>2</sup>**. Ingen av husa skal vera over **90 m<sup>2</sup>**. Det skal leggjast stor vekt på å nytte tradisjonell og lokal byggjeskikk og elles ta omsyn til kulturverdiar i seterområdet.

#### 4.7 Bygging i verneområda

I fleire av verneområda (jf. pkt. 6.3 nedanfor) finst det enkelte hytter og andre bygg. Desse kan byggjast ut i det omfang som går fram av vernereglane. Dette gjeld bl.a. oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterføremål.

I Frydalen landskapsvernområde er det særleg mange eksisterande fritidsbustader. Ombygging av og tilbygg til desse skal skje i tråd med Forskrift om vern av Frydalen landskapsvernområde av 24.10.2010 og reglane i Forvaltningsplan for Rondane, godkjend av Direktoratet for naturforvaltning i brev av 24.04.2009. Dette medfører slik arealavgrensing:

- Maks bruttoareal etter at tilbygget er bygd er 70 m<sup>2</sup> (T-BRA).
- Arealet på det nye tilbygget skal ikkje utgjera meir enn 30% av arealet på hytta/fritidsbustaden på vernetidspunktet.

All utbygging i verneområda skal skje i samsvar med vernereglane for det enkelte området. I den grad det ikkje kjem i konflikt med vernereglane, skal utbygginga elles følgje dei reglane for fritidsbustader i LNF-område som går fram av pkt. 4.5 og dei generelle reglane for fritidsbustader i pkt. 1.8 i desse planføresegnene.

#### 4.8 Friluftsområde

I LNF-områda er dei mest brukte skiløypene og turstiane teikna inn, jf. bl.a. skiløypeplanen frå 2002. Ein av turstiane som er vist er pilgrimsleia på austsida av hovuddalføret frå Sør-Fron til Sel.

### 5. Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsone

#### 5.1 Vassdrag generelt

I 100-metersbeltet langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljøet, landskapet, friluftslivet og andre allmenne interesser, jf. § 1-8.

Det skal leggjast særleg vekt på å sikre areala i og langs vassdraga for fri ferdsel og mot forureining og uønskt bruksendring som vegbygging, dyrking, utfylling, massetak mm.

Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring, skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte på 10 meter som avgrensar forureining og gir levestad for planter og dyr (jf. § 11-11 nr. 5 og vassressurslova § 11). Dersom inngrep blir nødvendige, skal dei gjerast mest mogleg skånsamt og området skal mest mogleg førast attende til opphavleg tilstand.

I reguleringsplan kan det fastsetjast andre reglar som gir høve til inngrep nærare strandlina, jf. § 1-8 tredje ledd.

## 5.2 Byggjeforbod langs vassdrag

Langs vassdraga er det forbod mot tiltak i område inntil 100 meter frå strandlina målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvatn, jf. §§ 1-6 fyrste ledd, 1-8 andre ledd og 11-11 nr. 5. I reguleringsplan kan det fastsetjast andre reglar som gir høve til inngrep nærare strandlina, jf. § 1-8 tredje ledd.

Det er forbode med bygging av nye bustader, hytter eller næringsverksemd nærare vassdrag enn 100 m frå strandlina målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg flaumvasstand, dersom det ikkje er bestemt noko anna i godkjend reguleringsplan, jf. §§1-6 , 1-8 og 11-11. Forbodet gjeld også anlegg som utfylling, dyrking, masseuttak, vegbygging mm.

## 5.3 Vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging

I Nord-Fron er vassdraga Frya, Atna, Sjoa og Gausa varig verna mot kraftutbygging, og skal forvaltast i samsvar med rikspolitiske retningsliner for forvaltning av verna vassdrag, jf. § 11-8, 3. ledd pkt. c. I samråd med NVE vil kommunen følgje opp dette gjennom differensiert forvaltning av dei ulike vassdraga. Nedbørsfeltet til dei varig verna vassdraga er merkt på plankartet.

## 6. Omsynssoner

### 6.1 Grunnvasskjelder

Vassverka på Vinstra og i Kvam og Skåbu har grunnvassbrønn der det etter krav frå Mattilsynet er bandlagt område omkring brønnen. Desse områda er teikna inn på plankartet som omsynssone.

I desse områda skal det ikkje gjerast tiltak som på nokon måte kan forureine grunnvatnet.

### 6.2 Kulturminne

#### Nyare tids kulturminne:

På gardane Hågå nordre, Megarden, Risdal nordre og Øyum er det bygningar som er freda i medhald av lov om kulturminne §15, jf. avmerking på kartvedlegg. For tiltak ut over vanleg vedlikehald i samband med freda bygningar og anlegg, skal det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova hos kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune.

Alle tiltak ut over vanleg vedlikehald på bygningar frå før 1850, skal meldast til kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune.

#### Automatisk freda kulturminne:

Alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda i medhald av kulturminnelova §§ 4, 6 og 8. Automatisk freda er også dei til ei kvar tid ståande byggverk med opphav frå perioden 1537-1649. Alle tiltak som kan røre ved slike kulturminne skal leggjast fram for kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune.

Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona kring dei på fem meter, jf. lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyremaktene i Oppland fylkeskommune slik at vernestyremaktene kan koma på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram og eventuelt vilkåra for dette.

### 6.3 Naturvernområde mv på land og i vatn

Dei eksisterande verneområda har slik status:

- Rondane – verna som nasjonalpark. Oppretta 21.12.1962. Utvida ved kgl. Res. 24.10.2003 til å omfatte også delar av Frylia.
- Frydalen – verna som landskapsvernområde. Oppretta ved kgl. res. 24.10.2003.
- Flakkstjønna – verna som naturreservat. Oppretta 18.01.1985. Utvida ved kgl. res. 24.10.2003.
- Liadalane – verna som naturreservat. Oppretta 09.07.1993. Utvida ved kgl. res. 13.12.2002.
- Murulonin – verna som naturreservat. Oppretta 09.07.1993.
- Samsgarden/Snubbmoen – delar av område regulert til naturvern 20.09.1990.

I området Hersjømyrin, Storhøliseter mm i Skåbu er det foreslått å opprette verneområde med heimel i naturmangfaldlova, jf. verneforslag for Ormtjernkampen og Skaget av 2009. Det meste av arealet er forslått som naturreservat, eit stort område som landskapsvernområde og eit lite område på grensa mot Sør-Fron som nasjonalpark. Desse områda er vist som eitt samla bandlagt område i plankartet. Områda er bandlagt i fire år for all form for aktivitet som kan koma i konflikt med det foreslegne verneformålet.

Områda Hersjømyrin, Storhøliseter mm i Skåbu er bandlagt i fire år for all form for aktivitet som kan koma i konflikt med det foreslegne verneformålet, jf. § 11-8, 3. ledd pkt. d i pbl.

### 6.4 Kraftverksplanar

I Lågen er vassdragsareala ved Vinstra aktuelle for kraftutbygging, med demning og kraftstasjon i demninga ved Kåja. Dette er gitt som opplysning i plankartet. Melding før konsesjonsbehandlninga for dette prosjektet er nå til vurdering hos NVE. Nord-Fron kommune har tidlegare gått inn for kraftutbygging i dette området, jf. sak 66/1996 i formannskapsmøte 02.07.1996.

Som alternativ kan det vera aktuelt at vassdragsareala i Lågen ved Vinstra blir nytta til kraftutbygging. Det er da aktuelt med demning og kraftstasjon under demninga ved Eidefossen, og tunell for utlaupsvatnet frå Eidefossen forbi Vinstra til området ved kommunegrensa mot Sør-Fron. Også dette prosjektet er vist som opplysning i plankartet. For begge prosjekta er det i plankartet vist omsynssoner som vil bli påverka av ei eventuell kraftutbygging, jf. pkt. 6 nedanfor.

Dersom ingen av desse kraftutbyggingsprosjekta blir gjennomført, går områda attende til LNF-område, område for bruk og vern av vassdrag eller til bruk i samsvar med gjeldande reguleringsplan i områda.

I fleire mindre vassdrag kan det vera aktuelt med mikro- og minikraftverk. I plankartet er det gitt opplysning om at dette bl.a. kan vera aktuelt i Veikleåa i Kvam og i Øla ved Vinstra. Når kommunen skal vurdere andre aktuelle vassdrag i denne samanheng, skal det takast utgangspunkt i NVE si kartlegging på dette området.

Tiltak i desse områda som kan skapa vanskar for gjennomføring av kraftverksplanane er forbode, jf. § 11-8, 3. ledd pkt. d.

### 6.5 Fareområde, ras, flaum, radon mm

I plankartet er det vist enkelte område som kan vera utsett for jord- og/eller steinras eller flaum. Det vil ikkje bli gitt løyve til bygging i desse områda.

I Nord-Fron kommune vart det i 2007 gjennomført kartlegging av radon i enkelte av dei utbygde områda. Dersom det er aktuelt med utbygging i desse områda, vil kommunen setja krav til tiltak som er i samsvar med Teknisk forskring av 09.04.2010, § 13-5.

I løpet av planperioden 2011 – 2014 vil kommunen få utført ei meir grundig kartlegging av potensielle fareområde i Nord-Fron.

## 6.6 Deponiområde

I samband med bygging av ny E6 gjennom Nord-Fron og eventuell bygging av elvekraftverk ved Vinstra, vil det bli behov for område der overskottsmassar kan deponerast. I arbeidet med å planleggje E6 og Kåja kraftverk er det derfor meldt inn forslag om i alt fire deponiområde i Ruste og Sorperoa ved Vinstra. Desse områda er i plankartet vist som område MD1 – MD4. Det er ein føresetnad at områda skal setjast i stand og opparbeidast som jordbruksområde etter at dei aktuelle massane er plasserte i områda. Før det blir deponert massar i desse områda, må kultur- og naturmiljøet kartleggjast.

I områda MD1 – MD4 kan det deponerast massar frå utbygging av ny E6 eller frå Kåja kraftverk. Tiltaket er avhengig av at det ikkje kjem i konflikt med eksisterande kultur- eller naturmiljø som blir kartlagt i områda. Etter at deponia er avslutta, skal dei opparbeidast som jordbruksområde.

## 6.7 Villreinområde

Med bakgrunn i fylkesdelplan for Rondane er det i plankartet merkt grense for leveområde og observasjonsområde for villrein. I desse områda skal arealbruken vera slik at det ikkje blir til ulempe for villreinen, jf. § 11-8, 3. ledd pkt c. Kommunen legg vidare vekt på at aktiviteten i influensområdet for villrein skal vera minst i dei delane som ligg nærast leveområdet. Dette er følgd opp i kommuneplanen ved at det ikkje lagt inn nye hytteområde på Kvamsfjellet og Sødorpfjellet. I tillegg har kommunen vedteke skiløypeplan, sist ajourført i 2002 der det er lagt vekt på å leie minst mogleg trafikk inn i villreinområda. Det er også lagt vekt på å gi moglegheiter for ulike typar aktivitetstilbod i dei lågareliggjande delane av Kvamsfjellet og Sødorpfjellet, slik at menneskeleg aktivitet i all hovudsak skjer her, i staden for i villreinområda.

Vidare forvaltning av villreinområda i Nord-Fron vil elles ta utgangspunkt bl.a. i forvaltningsplanen for verneområda i Rondane og rapporten *Villrein og samfunn: En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villrein fjell. Temahefte 27 NINA des. 2004.*

## 7. Rettsverknad av kommuneplanen

Kommuneplanen sin rettsverknad etter plan- og bygningslova § 11-6 omfattar heile kommunen sitt areal, med unntak av dei reguleringsplanane som er vedtekne før denne planen vart vedteken.

Liste over reguleringsplanar i kommunen er tatt inn på kartside 1, oversikt over verneområda etter naturvernlova går fram av pkt. 6.3 ovanfor. Dersom det ikkje er samsvar om arealbruken i desse områda mellom kommuneplanen og reguleringsplanar, vil kommuneplanen tene som retningsline for omregulering.

I dei tilfella der det ikkje er samsvar mellom kommuneplanen og eldre planar, skal kommuneplanen tene som rettleiing for omregulering og forvaltning etter plan- og bygningslova. Elles gjeld eldre reguleringsplanar framleis. I dei tilfelle der det grovt sett er samsvar mellom kommuneplanen og eldre reguleringsplanar, fell plankravet i pkt. 1.12 over bort.

\*\*\*\*\*